



4 middelaldrande karar frå Austevoll som syng gospel og andre religiøse songar har ikveld hatt stor suksess med ein konsert i kyrkja. Konserten lokka imponerende nok 90 frammmøtte og dei fekk ei stor oppleving saman med brørne Terje, Per og Jan-Tørres Nordstrand og svoger Terje Haveland. Kvartetten kallar seg foCus Quartet og har til og med spela inn 2 cd-ar i Nasville. Men dei 3 brørne har lang fartstid i bransjen som trio. Det er ei skolert gruppe med ein sterk bodskap.

Programmet deira vert marknadsført under vignetten SØRSTATSGOSPEL og fleire av dei 13 numra førte tankane til himmelstrok med ei spesiell og tøff historie.

Men konserten var noko langt meir enn ein rein gospelkonsert - den hadde til dømes også med ei salme som nokon kvar har sovna inn til - Sandells Ingen er så trygg i fare.

Halvparten av numra hadde norske tekstar, tildels omsett av kvartetten sjølv og med godt resultat - til dømes Ein ny song. Men einskilde tekstar er så mektige at dei ikkje bør omsetjast - det gjeld den avsluttande Where could I go. Alt ialt hadde repertoaret stor spennvidde og dei 4 røystene

står godt til kvarandre. Men det kan nok diskuteras om bruken av playback var for omfattande.

Tormod Myklebust hadde ei viktig rolle før og etter konserten og løyste oppgåva med innramming på beste måte og like avslappa som songarane var mellom numra. Deira muntre kommentarar var eit kapitel for seg.

Konserten vart eit nytt høgdepunkt i jubileumsåret. Vi gler oss til det neste.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen